Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 | Fylke: Vest Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Øvrebö
Emne: Julenissen | Bygdelag: Reiersdal bygda.
Oppskr. av: Aanund Reiersdal | Gard:
(adresse): Øvrebö | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. 48 år, Øvrebö, Bond.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Etter det eg kan finne ut er julenissen fyrst vorte kjendt gjenom julekort, juleheftar og liknande i fyrstninga av dette århundre.
Det var i heimane som var barn som julenissen kom fyrst, no kjem han også på barnefestar for å moroa borni

2. I heimane deler han ut alle julegåvone på festar er ikkje anna en godtar.
Julenissen får ikkje noe for strævet.

3. Det er ein vaksen som klær seg ut, og det vert ikkje teke omsyn til ~~om~~ storleiken.

4. Utstyret, som regel maske med kvit skjegg og raud toppluve og ein stor frakk ~~som er for han~~ utan omsyn til farge.

5. Dette er forskjellig etter som vedkomande er gad til lage utstyr sjölv.

8268

6. Nei, det vert ikkje bruka.

7. Det fyrekjem ikkje.

8. Julenissen og nissen er halden for tvo heilt forskjellige personer.

9. Eg har høyrt fortalt mange gonger at både born og vaksne som ingen julegåve hadde fenge, hengde ut ein sokk (strømpe) i gongi eller loftsvali, om dei hadde soverom på loftet, for då vilde der ligge gåve til dei der jule-morgon.

Det hende ~~nok~~ mange gonger at der vart lagt gåvar i desse sokkane då folk tykte vondt om dei som ikkje hadde fenge, fordi det var mest fatige folk og born som på ein eller annan måte ikkje var tenkt nae på med gåvar

8268

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING